

AVGJERD I EØS-KOMITEEN
nr. 108/2006

av 22. september 2005

om endring av vedlegg I til EØS-avtala (Veterinære og plantesanitære tilhøve)

EØS-KOMITEEN HAR –

med tilvising til avtala om Det europeiske økonomiske samarbeidsområdet, endra ved protokollen om justering av avtala om Det europeiske økonomiske samarbeidsområdet, heretter kalla ”avtala”, særleg artikkel 98, og

på følgjande bakgrunn:

- 1) Vedlegg I til avtala vart endra ved avgjerd i EØS-komiteen nr. 142/2005 av 2. desember 2005⁽¹⁾.
- 2) Kommisjonsdirektiv 2003/90/EF av 6. oktober 2003 om fastsetjing av gjennomføringstiltak for artikkel 7 i rådsdirektiv 2002/53/EF med omsyn til kva eigenskapar som minst skal omfattast av og kva minstekrav som skal gjelde for gransking av visse sortar av jordbruksvekstrar⁽²⁾ skal takast inn i avtala.
- 3) Kommisjonsdirektiv 2003/91/EF av 6. oktober 2003 om fastsetjing av gjennomføringstiltak for artikkel 7 i rådsdirektiv 2002/55/EF med omsyn til kva eigenskapar som minst skal omfattast av og kva minstekrav som skal gjelde for gransking av visse sortar av grønsakartar⁽³⁾ skal takast inn i avtala.
- 4) Kommisjonsvedtak 2005/841/EF av 28. november 2005 om mellombels marknadsføring av visse frø frå arten *Triticum durum* som ikkje stettar krava i rådsdirektiv 66/402/EØF⁽⁴⁾ skal takast inn i avtala.
- 5) Kommisjonsvedtak 2005/886/EF av 9. desember 2005 om fritak for Kypros og Malta for kravet om å nytte rådsdirektiv 2002/54/EF på marknadsføring av betefrø⁽⁵⁾ skal takast inn i avtala.
- 6) Kommisjonsdirektiv 2005/91/EF av 16. desember 2005 om endring av direktiv 2004/90/EF om fastsetjing av gjennomføringstiltak for artikkel 7 i rådsdirektiv 2002/53/EF med omsyn til kva eigenskapar som minst skal omfattast av og kva

⁽¹⁾ TEU L 53 av 23.2.2006, s. 38, og EØS-tillegget til TEU nr. 10 av 23.2.2006, s. 13.

⁽²⁾ TEU L 254 av 8.10.2003, s. 7.

⁽³⁾ TEU L 254 av 8.10.2003, s. 11.

⁽⁴⁾ TEU L 312 av 29.11.2005, s. 65.

⁽⁵⁾ TEU L 326 av 13.12.2005, s. 39.

minstekrav som skal gjelde for gransking av visse sortar av jordbruksvekstrar⁽⁶⁾) skal takast inn i avtala.

- 7) Kommisjonsavgjerd 2005/947/EF av 23. desember 2005 om vidareføring i 2006 av dei samanliknande fellesskapsforsøka med og fellesskapsanalysane av frø og økslingsmateriale av *Agrostis* spp., *D. glomerata* L., *Festuca* spp., *Lolium* spp., *Phleum* spp., *Poa* spp. medrekna blandingar og *Asparagus officinalis* i medhald av rådsdirektiv 66/401/EØF og 2002/55/EF som tok til i 2005⁽⁷⁾) skal takast inn i avtala.
- 8) Direktiv 2003/91/EF opphevar kommisjonsdirektiv 72/168/EØF⁽⁸⁾) og direktiv 2003/90/EØF opphevar kommisjonsvedtak 72/180/EØF⁽⁹⁾), som er tekne inn i avtala og difor må opphevast i avtala –

TEKE DENNE AVGJERDA:

Artikkkel 1

Vedlegg I kapittel III i avtala vert endra slik det er fastsett i vedlegget til denne avgjerda.

Artikkkel 2

Teksta til direktiv 2003/90/EF, 2003/91/EF og 2005/91/EF, vedtak 2005/841/EF og 2005/886/EF samt avgjerd 2005/947/EF på islandsk og norsk, som vil verte kunngjord i EØS-tillegget til *Tidend for Den europeiske union*, skal verte gyldig.

Artikkkel 3

Denne avgjerda tek til å gjelde 23. september 2006, på det vilkåret at EØS-komiteen har motteke alle meldingar etter artikkkel 103 nr. 1 i avtala^(*).

Artikkkel 4

Denne avgjerda skal kunngjera i EØS-avdelinga av og EØS-tillegget til *Tidend for Den europeiske union*.

Uferda i Brussel, 22. september 2006.

For EØS-komiteen

⁽⁶⁾ TEU L 331 av 17.12.2005, s. 24.

⁽⁷⁾ TEU L 342 av 24.12.2005, s. 103.

⁽⁸⁾ TEF L 62 av 8.3.1988, s. 32.

⁽⁹⁾ TEF L 233 av 20.8.1986, s. 19.

^(*) Ingen forfatningsrettslege krav oppgjevne.

Oda Helen Sletnes

Formann

VEDLEGG

til avgjerd i EØS-komiteen nr. 108/2006

I vedlegg I kapittel III i avtala vert det gjort følgjande endringar:

1. I del 1 etter nr. 13 (rådsdirektiv 2002/57/EF) skal nye nr. 14 og 15 lyde:
 - ”14. **32003 L 0090:** Kommisjonsdirektiv 2003/90/EF av 6. oktober 2003 om fastsetjing av gjennomføringstiltak for artikkel 7 i rådsdirektiv 2002/53/EF med omsyn til kva eigenskapar som minst skal omfattast av og kva minstekrav som skal gjelde for gransking av visse sortar av jordbruksvekstrar (EUT L 254 av 8.10.2003, s. 7), endret ved:
 - **32005 L 0091:** Kommisjonsdirektiv 2005/91/EF av 16. desember 2005 (EUT L 331 av 17.12.2005, s. 24).
 15. **32003 L 0091:** Kommisjonsdirektiv 2003/91/EF av 6. oktober 2003 om fastsetjing av gjennomføringstiltak for artikkel 7 i rådsdirektiv 2002/55/EF med omsyn til kva eigenskapar som minst skal omfattast av og kva minstekrav som skal gjelde for gransking av visse sortar av grønsakartar (EUT L 254 av 8.10.2003, s. 11).”
2. Teksta i del 1 nr. 7 (kommisjonsdirektiv 72/168/EØF) og nr. 8 (kommisjonsdirektiv 72/180/EØF) opphevast.
3. I del 2 etter nr. 42 (kommisjonsvedtak 2005/435/EF) skal nye nr. 43 og 44 lyde:
 - ”43. **32005 D 0841:** Kommisjonsvedtak 2005/841/EF av 28. november 2005 om mellombels marknadsføring av visse frø frå arten *Triticum durum* som ikkje stettar krava i rådsdirektiv 66/402/EØF (EUT L 312 av 29.11.2005, s. 65).
 44. **32005 D 0947:** Kommisjonsavgjerd 2005/947/EF av 23. desember 2005 om vidareføring i 2006 av dei samanliknande fellesskapsforsøka med og fellesskapsanalysane av frø og økslingsmateriale av *Agrostis* spp., *D. glomerata* L., *Festuca* spp., *Lolium* spp., *Phleum* spp., *Poa* spp. medrekna blandingar og *Asparagus officinalis* i medhald av rådsdirektiv 66/401/EØF og 2002/55/EF som tok til i 2005 (EUT L 342 av 24.12.2005, s. 103).”
4. I del 2 under overskrifta ”**RETTSAKTER SOM EFTA-STATENE OG EFTAS OVERVÅKNINGSORGAN SKAL TA TILBØRLIG HENSYN TIL**” etter nr. 75 (kommisjonsvedtak 2005/325/EF) skal nytt nr. 76 lyde:

- ”76. **32005 D 0886**: Kommisjonsvedtak 2005/886/EF av 9. desember 2005 om fritak for Kypros og Malta for kravet om å nytte rådsdirektiv 2002/54/EF på marknadsføring av betefrø (EUT L 326 av 13.12.2005, s. 39).”